

Emnerapport

Emnekode og evt. tittel tema: Reg 303

Semester:H 2013

Emneansvarlig: Sigrid Eskeland Schütz

Andre lærere på emnet: Karl Harald Søvig

Undervisningsopplegget:

Førelesingar, kollokvier frå kursstart med lærar, midtvegsoppgåve på Kark med tilbakemelding og bestått/ikkje bestått. Høve til å levere og får skriftleg tilbakemelding på kollokvieoppgåver.

Om lag 20 timar førelesing, 8 timar kollokvie, førelesingane på 4 timar frå Schütz gjev perspektiv på faget, øvrige frå Søvig er djupdykk i forvaltingsrettslege tema. Kollokvie er oppgåveløysing og diskusjon av problemstillingar, semesteroppgåva er djupdykk i eit emne/emneområde, med skriftleg tilbakemelding.

Pensum:

Pensum er både oversiktsverk og artiklar/førearbeid. Siktemålet er å gje ulike perspektiv inn mot faget, og vanskegraden på pensum er truleg passe. Det er likevel stor skilnad på studentane sine føresetnader for å lese juridisk litteratur.

Kommentarer til evt. tilbakemelding fra studenter, evaluering eller eksamensresultater:

Det vart gjennomført programsensor-evaluering i høve sist kull (h 2012), som resulterte i nokre endringar. Dette var m.a. første gong med tidleg oppstart av kollokvier. Vi har ikkje hatt formell evaluering i haust, men muntlege enkeltståande innspel har kome undervegs. Det kom gode tilbakemeldingar på opplegget med kollokvier, og desse fungerte e.m.m. godt med gode diskusjonar undervegs. Studentane gav gode muntlege tilbakemeldingar på Søvig sine førelesingar. Eksamensresultata er som ein kan vente.

Tiltak du vil vurdere for å forbedre undervisningen neste gang det undervises:

Dette var første semester med denne type kollokvier med så tidleg start. Dei fungerte godt, og det er truleg grunn til å halde på opplegget neste gong, for å sjå kva tilbakemeldingane vert over tid. Neste år bør leseplanane for førelesingane (frå ulike førelesarar) samlast i eit dokument, slik at studentane får ei samla oversikt ved semesterstart.

Undervisningsfasiliteter:

Gode.

Sigrid Eskeland Schütz, Bergen 11. febr. 2014.

